



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Kinsarvik, 17. desember 2009

Melding om vedtak frå Hardangerrådet iks

Hardangerrådet som består av 7 hardangerkommunar handsama saka om "Endring av alkohollovavgjevinga" på rådsmøte 11.12.09 og følgjande vedtak vart gjort:

Hardangerrådet iks som regionråd for kommunar med lang tradisjon for lokal produksjon av eplesider og øl viser til høyringsbrev om endringar i alkohollova og vil gje følgjande uttale: Hardangerrådet er svært positiv til at alkohollova no kan opna for sal av eigenprodusert drikk. Dette er ei svært etterlengta ordning som våre tradisjonsprodusentar har etterlyst lenge. No når det er fritt for eigenimport av vin frå lokalprodusentar i EU, så er det naturleg at også lokalprodusentar i Noreg får høve til å selja egne produkt frå eige utsal. Høve til skjenking frå eigen produksjon men ikkje høve til å selja har vore vanskeleg å forstå for dei mange gjestene og turistane som vitjar slike kultur- og tradisjonsberande verksemder i Hardanger. Hardangersider har tradisjonelt alkoholprosent som langt overstig det føreslegne 4,7 volumprosent og må handsamast på linje med importert vin og heitvin slik at det vert høve til å selja tradisjonell sider frå produsent i Hardanger. Hardangerrådet tilrår Helse- og omsorgsdepartementet å godkjenne ei ordning i alkohollova som gjer det mogeleg med sal av produkt opp til 22 volumprosent alkohol direkte frå produsent både for løyve i medhald av §4-2 og kap. 6.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Sølvi h. lambrechts
Sølvi Lervik Lambrechts
Sekretær